

## Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		28.05.2024
Fylkesutvalet		05.06.2024

## Riksantikvarens handverksstrategi - høyringsfråsegn

### Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune meiner Riksantikvarens handverksstrategi gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med å styrke kapasiteten og kompetansen i handverksfag som er naudsynt for å ivareta kulturminne og kulturmiljø.
2. Kommunane er ein viktig aktør, som må trekkjast inn i den vidare oppfølginga av strategien. Kulturminna dei er mynde for, utgjer ein stor del av marknaden for tradisjonshandverket, og auka kompetanse i kommunane er difor viktig.
3. For den vidare oppfølginga av handverksstrategien er ein handlingsplan med konkrete tiltak, godt forankra både regionalt og i dei aktuelle sektorane, vesentleg. Vestland fylkeskommune ønskjer å vere ein aktiv partner i utviklinga av handlingsplanen, som må gi rom for regionalt tilpassa tiltak.

### Samandrag

Riksantikvaren har sendt på høyring eit forslag til handverksstrategi, som skal bidra til at eigarar og forvaltarar av freda og verneverdige bygningar, anlegg og fartøy har tilstrekkeleg og stabil tilgang på handverkarar med relevant kompetanse. Strategien har tre overordna satsingar, der Riksantikvaren skal leggje inn en strategisk innsats: Handverkskompetansen og -kapasiteten skal styrkast; fleire bedrifter med relevant kompetanse skal ta oppdrag på kulturminne og kulturmiljø; og erfaringsbasert kunnskapsutvikling og forsking skal styrkast. Fylkesdirektøren meiner Riksantikvarens handverksstrategi vil kunne vere eit godt grunnlag for eit vidare satsing på feltet. Det er viktig at kommunane involverast, og handlingsplanen med godt forankra tiltak vert vesentleg.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Per Morten Ekerhovd  
direktør  
kultur og folkehelse

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen håndskrivne underskrift*

Vedlegg

- 1 Riksantikvarens håndverksstrategi - Utsendelse av høring.PDF
- 2 Høringsutkast Riksantikvarens håndverksstrategi.PDF

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Riksantikvaren har sendt på høyring eit forslag til handverksstrategi. Behovet for ein handverksstrategi er forankra i Meld. St 16 (2019-2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken*. Handverksstrategien skal bidra til at eigarar og forvaltarar av freda og verneverdige bygningar, anlegg og fartøy har tilstrekkeleg og stabil tilgang på handverkarar med relevant kompetanse. Strategien skal omfatte ålmenn og spesialisert handverkskompetanse som er naudsynt for å ivareta kulturminne og kulturmiljø, dvs. bygningar, fartøy og grøntanlegg.

Riksantikvaren peikar på både utfordringar og moglegheiter som ligg til grunn for strategien. Kapasiteten innan tradisjonelt handverk må styrkes i et langsiktig perspektiv. Det er i dag eit stort behov for kompetanse og kapasitet, og i delar av landet er mangelen kritisk. Fag med få utøvarar treng rekruttering for å halde kompetansen i live. Tradisjonell handverkskompetanse har også ein eigenverdi som immateriell kulturarv, som Noreg er forplikta til å ta vare på. Handverkarmangelen er kritisk når det gjeld ivaretaking av urfolk og nasjonale minoritetars kulturminne.

Det har blitt arbeidd med kunnskapsutvikling på handverksfeltet over lengre tid og oppretta fleire utdanningstilbod og opplæringsarenaer, men dette er ikkje tilstrekkeleg for å dekke kompetansebehovet på lang sikt. Samstundes er det eit stort og aukande behov: Marknaden for antikvarisk istandsetting er stor og vil auke merkbart når kyrkjebevaringsfondet trer i kraft hausten 2024. Byggenæringa er i endring, med mindre nybygg og meir vekt på rehabilitering, ombygging og tilbygg. Kunnskap om restaurering og bruk av tradisjonelle metodar og material er nødvendig for å velge riktige og berekraftige istandsettingsløysingar for eldre bygningar, uavhengig av verneverdi.

Strategien har nokre avgrensingar: Riksantikvaren har ikkje formelt ansvar for etablering av utdanningstilbod eller gjennomføring av utdanningstiltak, men har ansvar for å bidra til gode rammevilkår for vern av kulturmiljø. Difor ser dei det som vesentleg å komme med forslag til utvikling og gjennomføring av utdanningstiltak.

Strategien har tre overordna satsingar, der Riksantikvaren skal leggje inn en strategisk innsats:

- Handverkskompetansen og -kapasiteten skal styrkast
- Fleire bedrifter med relevant kompetanse skal ta oppdrag på kulturminne og kulturmiljø
- Erfaringsbasert kunnskapsutvikling og forsking skal styrkast

Kvar av satsingane har fleire mål, og for kvart av dei er det kort skissert kva Riksantikvaren ønsker å legge til rette for, bidra til eller vere en pådrivar for. Strategien vil følgjast opp med ein handlingsplan med tiltak som skal gjennomførast av Riksantikvaren, men også forslag og anbefalingar til andre relevante aktørar, blant dei fylkeskommunane.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har avgjerdsmynde i denne høyringa, jf. *Reglement for folkevald organ og delegering, Delegeringsreglementet*, Reglement for fylkesutvalet punkt 7. Høyringsuttale:

*Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med slike unntak:*

- Saker kor hovudutvala kan gi høyringsuttale (sjå punkt 3 i reglementa for hovudutvala)
- Saker med svært knapp høyringsfrist der mynde er delegert til fylkesordføraren (sjå punkt 4 i reglement for fylkesutvalet)
- Saker der mynde er delegert til andre folkevalde organ eller fylkesdirektør (Sjå reglement for delegering etter særlov og reglement for delegering til fylkesdirektøren)

*Sakene ein skal gje høyringsuttale om, skal i størst mogleg grad innom fagutvala før uttale før dei går vidare til fylkesutvalet.*

### Medverknad

Ikkje aktuelt.

## Vurderingar og verknader

### Overordna vurderingar:

Dei tre satsingsområda i strategien svarar på sentrale problemstillingar: behovet for auka kapasitet og kompetanse innan tradisjonshandverk; sikre at denne kompetansen vert brukt der det er behov for den; og ei styrka og meir systematisk kunnskapsbygging og -formidling. Dei vil difor kunne målrette innsatsen på dette feltet på ein god og dekkande måte. Særleg ser fylkesdirektøren det som viktig å prioritere gode rammer for utdanning og opplæringstiltak. Her er det ein styrke at satsingsområde 1 set som mål å stimulere eit variert utdanningstilbod, både formalisert utdanning på fleire nivå, og ikkje-formell kunnskapsoverføring.

Satsing 2 skal leggje til rette for ein velfungerande marknad for tradisjonshandverk, der rett kompetansen vert nytta der den trengst, marknaden sine behov vert formidla, og oppdragsgjevarar veit kva kompetanse dei treng og korleis dei finn denne kompetansen. Dette er viktige poeng, men moglegvis litt sjølvmotseiande, sidan det andre stader vert sagt at eigars bestillarkompetanse ikkje er del av strategien. Kompetansen i kommunane er ikkje nemnt i strategien, og det meiner fylkesdirektøren er ein klar mangel. Kommunane kan spele ei nøkkelrolle i å auke bruken av tradisjonshandverk. Dei fleste kulturminne er verna etter plan- og bygningslova eller har ingen formell vernestatus, og då er kommunen øvste mynde. Ein bør difor sjå på kva faglege krav som kan og bør stillast i kommunal sakhandsaming av byggjesaker og anna. Regelverk som gjer det enklare å bygge med tradisjonelle metodar, er også verdt å sjå på. Det er avgjerande å auke marknaden for tradisjonshandverk, ved å «normalisere» bruk av rett antikvarisk kompetanse på den store breidda av verneverdige bygningar. Kulturarven i vid forstand, inkludert kulturmiljø utan formell vernestatus, er ein nøkkel til ei større oppdragsmengd og ein stabil marknad for handverkarar.

Fylkesdirektøren har forståing for at ein ynskjer å sette grenser eiga ansvarsområde, at Riksantikvaren ikkje har *formelt* ansvar for etablering av utdanningstilbod eller gjennomføring av utdanningstiltak. Samstundes kan kulturmiljøforvaltinga inngå samarbeid med andre sektorar for å løyse felles utfordringar. Fylkesdirektøren vil difor utfordre Riksantikvaren til sjølv å ta ein meir offensiv rolle når ein kjem til utarbeidning av handlingsplan og tiltak.

For at strategien skal gi gode, konkrete resultat, er den oppfølgjande handlingsplanen vesentleg. Fleire av målsettingane gjeld å etablere samarbeid mellom ulike aktørar og sektorar – forvaltning, utdanning, byggjenæring og kunnskapsmiljø. Fylkesdirektøren meiner slikt tverrsektorelt samarbeid også generelt er heilt naudsynt for eit godt utbytte. Som strategien er tydeleg på, har Riksantikvaren sjølv ikkje formelt ansvar for etablering av utdanningstilbod eller gjennomføring av utdanningstiltak. Dei er difor avhengig av samspele med andre aktørar. Ikke minst på dette området – samvirket mellom kulturmiljøforvaltning og utdanning – kan fylkeskommunane spele ei nøkkelrolle. Vestland har allereie gode erfaringar i så måte, mellom anna gjennom Fagskulen Vestland si utdanning innan klassisk bygningshandverk og restaurering. God og brei medverknad vil vere viktig i utforminga av handlingsplanen. Både fylkeskommunane og kommunane har ein viktig rolle i oppfølginga av strategien. Strategien tek opp utfordringa med handverksteknikkar knytt til nasjonale minoritetar og samiske kulturminne. I eit breiare perspektiv kunne strategien med fordel tatt opp regional variasjon og at finn ein breidde av ulike regionale «handverksdialektar» ein treng å ta vare på. Det vil difor vere viktig at handlingsplanen gir rom for differensierte tiltak, tilpassa regionale variasjonar innan både byggjetradisjonar, behov, og moglege partnarar/aktørar.

Fylkesdirektøren kan her vise til positive erfaringar med det etablerte, tverrsektorelle samarbeidet fylkeskommunen har med avdeling for kultur og folkehelse og avdeling for opplæring og kompetanse, Fagskulen Vestland, NTNU, relevante kompetanseområder og med musea i Vestland (utdanningstilbod, læringsarenaer og bygningsvernrådgjevarar).

### Administrative/økonomiske konsekvensar:

Fylkeskommunen vil kunne ha ein sentral rolle i gjennomføring av strategien, i første rekke gjennom rollene som regionalt kulturminnemynde og ansvarleg for vidaregående opplæring. Handverksstrategien kan soleis verte grunnlag for framtidige satsingar eller vidareutvikling av

eksisterande, t.d. utdanninga innan tradisjonshandverk. Kva administrative eller økonomiske konsekvensar dei kan få for fylkeskommunen, må avklarast gjennom framtidige prosessar.

**Klima:**

I eit klima- og ombruksperspektiv er kunnskap om restaurering og bruk av tradisjonelle metodar og materialar naudsynt, og strategien vil bidra til sirkulærøkonomi og reduksjon av klimagassutslepp.

**Folkehelse:**

Ikkje relevant.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Måla i handverksstrategien fell saman med fleire av måla i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi)* og i *Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023-2035*, i første rekke måla om ei god forvaltning av kultur- og naturarven.

**Konklusjon**

Fylkesdirektøren meiner Riksantikvarens handverksstrategi vil kunne vere eit godt grunnlag for eit vidare arbeid med å styrke kompetanse og kapasitet innan tradisjonshandverk. Strategien løftar opp viktige og relevante satsingsområde og understrekar at samarbeid på tvers av sektorane er essensielt. Her må også kommunane involverast. For den vidare oppfølginga av strategien vert handlingsplanen vesentleg, med konkrete tiltak som er godt forankra både i sektorane og regionalt. Vestland fylkeskommunen ønskjer her å spele ei aktiv rolle.